



Hægebostad kommune

Servicekontoret

Melding om vedtak

Det kgl. Landbruks- og Matdepartement
postboks 8007, Dep.

0030 OSLO

DYKKAR REF:

VÅR REF:

SAKSHANDSAMAR:

ARKIVKODE:

DATO:

2010/161-4

Marit Eiken
Direkte tlf.: 38 34 91 04

V31/&00

23.04.2010

SÆRUTSKRIFT. HØRINGSUTTALE - ENDRING AV FORSKRIFT OM NYDYR KING

Vedlagt følger utskrift av sak 70/10 av 19.04.10 i formannskapet.

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2010/67	Doknr.: 28
Mottatt: 25 APR 2010	ASR/ SEB
Sakerenr.: 1AA	Ark.: 410
Kont:	A/Skrif:

Med helsing


Marit Eiken
leiar servicekontoret

Kopi sendt til:

Eiken Bondelag v/Andy Handeland
Hægebostad Bondelag v/Arne Mydland

4596 EIKEN
4595 TINGVATN



HØRINGSUTTALE - ENDRING AV FORSKRIFT OM NYDYR KING

UTVALSNR : 70/10	UTVAL : Formannskapet	MØTEDATO : 19.04.2010
---------------------	--------------------------	--------------------------

Rådmannen si innstilling:

Hægebostad kommune er ein typisk innlandskommune på Sørlandet der dyrking av myr har vore svært viktig for utviklinga og bevaringa av jordbruket. Dei areala som er att - og kan dyrkast i dag er i all hovudsak myr. Dei foreslåtte endringane av *Forskrift om nydyrking* vil ha forholdsvis store konsekvensar for jordbruket i dette området. Vi er i dag fylkets tredje største landbrukskommune – men ein ser at stadig fleire vel å legge ned. Vi trur at å innføre forbod mot dyrking av myr - i beste fall ikkje stimulerer til auka satsing på jordbruket.

Kommunen har difor nokre innspel til endringar.

Endring av definisjonen på myr i § 6;

Nydyrking kan ikkje tillates på myr. Med myr menes areal større enn 2 dekar med myrvegetasjon og minst 50 cm tjukt torvlag

Opp gjennom åra har det vore bygd eigne jordbruksvegar nett med tanke på dyrking av myr. Som følge av dette har fleire viktige dyrkbare myrområder vore satt av kommuneplanen til landbruk – med omsyn på nydyrking.

Hægebostad kommune vil difor og tilrå følgjande tillegg/ending av forskriftas § 6:

” Myrområder som i gjeldande kommuneplan er sett av til landbruk av di dei er viktige dyrkingsområder - skal fortsatt vere lov å dyrke så sant ikkje andre forhold tilseier noko anna.”

Saksprotokoll i Formannskapet - 19.04.2010:

Handsaming:

Uttalelse fra Eiken og Hægebostad bondelag datert 14.04.10 ble delt ut i møtet.

Samrøystes vedtak:

Hægebostad kommune er ein typisk innlandskommune på Sørlandet der dyrking av myr har vore svært viktig for utviklinga og bevaringa av jordbruket. Dei areala som er att - og kan dyrkast i dag er i all hovudsak myr. Dei foreslåtte endringane av *Forskrift om nydyrking* vil ha forholdsvis store konsekvensar for jordbruket i dette området. Vi er i dag fylkets tredje største landbrukskommune – men ein ser at stadig fleire vel å legge ned. Vi trur at å innføre forbod mot dyrking av myr - i beste fall ikkje stimulerer til auka satsing på jordbruket.

Opp gjennom åra har det vore bygd egne jordbruksvegar nett med tanke på dyrking av myr. Som følgje av dette har fleire viktige dyrkbare myrområder vore satt av kommuneplanen til landbruk – med omsyn på nydyrking.

På bakgrunn av dette er formannskapet sterk imot de foreslåtte endringane i Forskrift om nydyrking.

Samandrag:

Det Kongelige Landbruks og Matdepartementet har sendt ut høring om endring av forskrift om nydyrking. Bakgrunnen for høringa er *St.melding nr 39 Klimautfordringene - landbruket en del av løsningen* – der det kjem fram at dyrking av myr frigjev store mengder CO2 og lystgass.

Årleg utslepp frå dyrka myr er berekna til mellom 2 og 3 tonn CO2 per da. Eit da myr med 2 meter tjukt torvlag vil kunne sleppe ut opptil 500 tonn CO2 og fleire hundre kilo lystgass.

Som følgje av desse talla er ein kommen fram til at i samband med nydyrking må og klimautfordringane tas med inn i vurderinga – sidan klimaendringar vil gje kunne gje store utslag for det biologiske mangfaldet. Myrer er og viktige kjelder til biologisk mangfald og kulturminner.

Forslag til endring av § 6 i Forskrift om nydyrking er som følgjer;

Nydyrking kan ikkje tillates på myr. Med myr menes areal større enn 2 dekar med myrvegetasjon og minst 30 cm tjukt torvlag. Definisjoner som ligger til grunn for økonomisk kartverk skal legges til grunn ved avgrensing.

Endring i § 3 gjev og forbod mot gjenoppdyrking av areal som har ligge ubrukt i over 20 år og som kan karakteriserast som myr på grunn av manglande drenering.

Tiltak som er godkjent før endring av forskrifta vert ikkje berørt – jmf høringsnotatert.

Bakgrunn:

Dokumenter i sak:

Nr	Type	Dato	Dokument tittel	Avsender/mottakar
1	I	17.02.2010	Høyring - Forslag om endringer i FOR-1997-05-02-423 - Forskrift om nydyrking	Det kgl. Landbruks- og Matdepartement
2	S	09.04.2010	Høringsuttale - Endring av Forskrift om nydyrking	

Vedlegg/øvrige dokumenter:

Vurdering:

Hægebostad kommune har forholdsvis store områder myrområder som er egna til nydyrking. Eit døme på dette er at Det norsk jord- og myrselskap fann om lag 900-1100 da dyrkbar myr berre på Hekkfjell i samband med bygginga av Hekkfjellvegen. Som følgje av dette er det i gjeldande kommuneplan sett av fleire områder som er viktige med omsyn på nydyrking. Fleire vegar i kommunen er bygd mellom anna med tanke på dyrking av myr.

Kommunen er den tredje største landbrukskommunen i Vest-Agder – jmf *NILF nr 2008-11. Verdiskaping i jordbruket i Aust- og Vest-Agder*. Jordbruket i området er i svært stor grad avhengig av oppdyrka myr – spesielt på heiane. Særleg i nord av kommunen er jordbruket svært aktivt og tilgangen på leigejord er dårleg. Dette gjer at valet oftast står mellom nydyrking og/eller leigejord med forholdsvis lang kjøring. Ein ser og at svært mange har arbeid utanom garden og difor prioriterer å ha mest mogleg ”heimejord” for unngå å bruke for mykje tid på kjøring.

Det er eit stort fokus på at den mykje av den beste jordbruksjorda vert bygd ned - om lag 8000-10000 da årleg. Det er og stort fokus på å behalde flest mogleg bønder – ein ser at stadig fleire bruk vert lagt ned. Med tanke framtidig evne til sjølvforsyning og auka fokus på kortreist mat – vil myr-ressursane kunne komme til å spele ei viktig rolle. Høringsnotatet seier at dei økonomiske konsekvensane av tiltaket ikkje er analysert – men antas å vere låge.

Hægebostad kommune ser at redusering av CO₂-utslepp og andre klima-utslepp er ei viktig oppgåve for heile Norge – inkludert landbruksnæringa. Men det vil og vere viktig å vurdere om tiltaka som vert sett inn kan gje utilsikta ringvirkningar som til dømes auka behov for importert mat og fleire nedlagte bruk.

Konklusjon:

Hægebostad kommune er redd at dei foreslåtte endringane i *Forskrift om nydyrking* vil gje negative ringvirkningar i form av til dømes fleire nedlagte bruk og mindre mat produsert lokalt. Kommunen har ei rekkje myrområder som er sett av til nydyrking i gjeldande kommuneplan – og ser det som viktig at desse framleis skal kunne dyrkast.